Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28 — Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr. — Herad: Bjerkreim

Emne: Drikk til maten — Bygdelag: Nedre bygdelag

Oppskr. av: Jørgen Skjæveland — Gard: Hetland

(adresse): Vikeså — G.nr. — Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Anna Skjæveland Hetland, Bjerkreim 80 år.

SVAR

Drikk til maten til kvardags.

Mjölk

1. Før dei tok på å selja mjölka på meieria eller hadde seperator, sette dei mjölka bort i bekodler til ho surna og flöyten hadde stige opp. Då skoma dei av flöyten, og så bruka dei den sure mjölka til drikka. Difor var det helst berre sur mjölk dei drakk til omlag 1906. Så kom meieria. Då selde folk så å seia kvar skvetten og nytta berre söndagsmjölka ut resten av veka. I den tida drakk dei mykje mindre mjölk. No fekk mange sepa(r)ator og då drakk dei berre skuma mjölk. Etter fyrste verdenskrigen var det sume som slutta å selja mjölk, men kinna og selde smöret. Då drakk dei mykje skuma mjölk og saup. No nyttar dei mykje meir mjölk enn før. Dei let born drikka så mykje dei vil, og folk her heller ikkje så „svart" kaffi som før.

2. Før drakk dei sur mjölk når dei var törste, no skuma, nysilt eller saup

5867

3. Av mjølk fekk dei saup, dravle, spanna-
dravle (av råmjølk, dei fyrste mjølkemåla etter
kua kalva), bleng (= botnfall på sur fløyte)
Blenget gav dei krøtra, saup og dravle vart
nytta til mat, surt saup gav dei grisene.

Øl

4. Føre 1870 brygde dei øl på kvar gard,
sidan slutta dei med ølbrygginga. På slutten
brukte dei helst øl i slåtten.

Kaffi

5-6. Folk hev drukke kaffi dagleg så lenge
me veit om.

7. Dei drikk kaffi om morgonen og mellom-
mat, sume drikk au ettermiddagskaffi.

8. Når dei koka kaffi, slær dei grovmale
kaffi i kokande vatn. I eldre tid kokte
dei han lenge og hadde i „klåreskinn"
(= fiskaskind) og så hadde dei i „kaffirot"
for å få kaffien brun og då sparde dei på
kaffien. No bruka dei ikkje „kaffirot" og
no kokar dei kaffien berre 1 min. eller
tekkjer han. Spådom i
graut vert ikkje gjort.
For 50 år sidan mol dei
kaffi i kaffitro, knuste
sund „kaffikodnen" med kaffitillo.


„Kaffitro" og „kaffitilla".

9. Før brukte dei aldri sukker i kaffien
no er det mange som hev farin eller
raffinade i.

10. Før drakk dei „svart" kaffi, det er
kaffi med berre nokre få dropar fløyte i
Me hev ordtøket: „De må ta lite or bek-
ken og mykje or sekken".

11/ Spikken sped i drikka ty hev ikkje
kome til bygda vår. Det kan treffa at

5867

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

No hev dei mykje meir fløyte i så han lysna. Anna hev dei ikkje i han. Saue-gjætarar som frys og må vaka mykje drikk sterk, svart kaffi.

11. Skikken med å drikka te hev ikkje kome til bygda vår. Det kan treffa innflytte til Vikeså (sentrumsplass) drikk te i selskap.

12. For 100 år sidan drakk dei mykje brennevin, etter onnearbeid og i dugnad. Det fortelst at dei kom berre syngjande heim frå fjell-slåtten (slåttedogne).

13. I slåtten drakk dei før øl, no saft-vatn, sume kjøper landsøl eller vørterøl. På turar brukar dei brus, og barn drikk brus i selskap eller mjølk. Attåt middag drikk folk mjølk, saup, vatn eller saft.

5867

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING